



UNIVERSITETET I OSLO

Forskar forbundet ved UiO

NTL ved UiO

Parat ved UiO

Akademikarane ved UiO

Dato: 13.12.2022

Dykkar

ref.:

Vår ref.: 2010/6143 AUDJS

Referat frå drøftings- og informasjonsmøte 13.12.2022

Frå organisasjonane

- Cecilie Wingerei Lilleheil, Maren Ringstad og Bjørnar Sæther – Forskar forbundet
- Mattias Solbakken – Akademikarane
- Marie Sørhaug – NTL
- Ariel Sevendal - Parat
- Mari Gakkestad – lokalt hovudverneombod

Frå fakultetet:

-
- Anne Julie Semb - dekan
- Gudleik Grimstad – fakultetsdirektør
- Aud-Jorunn Sandal – referent

Innkallinga vart godkjend.

Lenke til styresakene: [Innkalling til møte i fakultetsstyret 15.12.2022 - Det samfunnsvitenskapelige fakultet \(ui.no\)](#)

Drøftingssaker

1. Budsjett 2023 og langtidsprognose 2023-2027

Fakultetsdirektøren orienterer kort om hovudtrekka i budsjett og langtidsprognosar, og at Det samfunnsvitenskaplege fakultet har god økonomi med store overføringer frå 2022 til 2023.

Forskar forbundet spør om det akkumulerte mindreforbruket har hatt personalmessige konsekvensar.

Fakultetsdirektøren informerer om at ein har styrka fakultetsadministrasjonen betydeleg, som svar på det auka aktivitetsnivået ute på einingane.

Det samfunnsvitenskaplege fakultet

Fakultetsadministrasjonen

Postadresse:

Postboks 1084 Blindern
0317 Oslo

Besøksadresse:

Eilert Sundts hus 4. et.,
Moltke Moes vei 31, 0851
Oslo

Tlf: 22 85 62 64

Faks: 22 85 48 25

E-post: postmottak@sv.uio.no

www.sv.uio.no

Org.nr.: 971 035 854



Vidare spør Forskarforbundet om ein har vore i dialog med dei tilsette ved einingane og bede om innspel til korleis ein kan nytta det akkumulerte mindreforbruket.

Dekanen seier fakultetet har inntrykk av at leiinga ved einingane er lydhøyre for innspel frå dei tilsette.

NTL har spørsmål til budsjettet for fakultetsadministrasjonen og at det ikkje er sett av ekstra midlar til vikarbruk i 2023.

Fakultetsdirektøren fortel at ein har styrka fak.adm. med eit par stillingar, og i tillegg har ein teke høgde for at dei IT-tilsette går over i ny eining, som også medfører eit kutt i form av at desse midla frå 2023 blir fordelt til UiO:IT. Sjølv om fakultetet har eit akkumulert mindreforbruk så har fak.adm. med seg eit underskot til 2023 på 1,7 mill.

Forskarforbundet ber dekan og fakultetsdirektøren foreslå overfor styre at underskotet vert sletta og at fakultetsadministrasjonen får midlar til å setja inn vikarar ved sjukdom og anna fråvær.

Dette vert støtta av Akademikarane og NTL.

Verneombodet lurar på kvar pengane til ARK ligg i sakspapira

Fakultetsdirektøren fortel at dette vil bli tatt i dei årlege budsjetta.

Forskarforbundet lurar på kva summar ein tenkjer å avsetje til tiltak og gjennomføring.

Fakultetsdirektøren seier at ein ikkje har planar om å kjøpe inn eksterne tenester, men brukar eigne personalressursar for å byggja opp kompetanse internt. Vidare vil kostnadane vera litt avhengig av kva tiltak ein går vidare med.

2. Revisjon av administrasjonsreglement for Det samfunnsvitskaplege fakultet
Denne saka er ikkje ferdig og blir utsett til styremøtet i mars.
3. Oppfølging av språkkravet ved tilsetting i faste vitskaplege stillingar
Dekanen orienterer at ein etter siste møte med organisasjonane no har hatt møte med internasjonale forskrarar slik organisasjonane oppmoda fakultetet til å halde. Ein har også sett på satsane og justert desse slik at språkkurs gjev større utteljing i timerekneskapen.
Vidare er språkkrav også ei sak det blir jobbe med sentralt ved UiO.

Forskarforbundet ser denne saka som svært viktig for dei internasjonalt tilsette. Samstundes ber ein arbeidsgjevar vera merksam på at denne tilsettgruppa, spesielt dei med mellombels kontraktar, kan synast at det er vanskeleg å uttale seg i denne saka, spesielt dersom ein meiner noko anna enn det eins leiar gjer.

Verneombodet spør om kva slags opplæring lokale leiarar vil få og kva slags ressursar dei for tilgjengeleg for at dei skal kunne laga oppfølgingsplanar etter bestått B2.

Dekanen fortel at dei generelle språkkursa også i framtida vil bli i regi av Sommarskulen. Vidare kan det verta aktuelt å setja opp meir spissa, vidaregåande kurs med fagspråk som ein har i U&H-sektoren, kanskje i regi av ISMO.

Akademikarane tenkjer at dette siste er viktig å få til slik at ein kan delta i universitetsdemokratiet. Eit slikt kurs bør byggja på den termdatabasen som er utarbeida for sektoren, og som UiO har vore med på å



utvikla.

4. Organisering av Seksjon for studiar. Endringar i bemanningsplan.
Fakultetsdirektøren orientert kort om saka.

NTL lurar på om dei tilsette som jobba med eksamen har vore involvert i arbeidet.
Fakultetsdirektøren fortel at det har vore samtalar med dei tilsette.

Akademikarane synes det ser ut som om bemanninga på eksamen er låg ved fakultetet og at det er sårbart at så få personar skal gjennomføra ei så viktig oppgåve.
Fakultetsdirektøren fortel at ved å gjennomføra denne endringa så er meininga at eksamen skal bli mindre sårbart.

NTL fortel at medlemmar som er omfatta er positive til den nye fordelinga av oppgåver, så NTL støttar endingane.

5. Møteplan for Informasjons- og drøftingsmøta i 2023.

Organisasjonane har ingen merknader.

Informasjonssaker

- A. Fakultetsstyre 15. desember 2022.

Organisasjonane hadde ingen merknader til dei resterande sakene på sakskartet.

- B. Personalsaker (nytilsettingar/kunngjeringar som kan vere av interesse og liknande.)
 - Gunnar Malmin tiltredde i fast stilling som kontorsjef ved PSI 01.12.2022.
 - Guro Frostestad byrjar i fast stilling som kontorsjef ved SAI 01.01.2023.

Med helsing

Gudleik Grimstad
fakultetsdirektør

Aud Jorunn Sandal
seniorrådgjevar

Dette dokumentet er godkjent elektronisk ved UiO og er derfor ikkje signert.

Saksbehandlar:

Aud Jorunn Sandal
+4722858224, a.j.sandal@sv.uio.no